

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 16.02.2015
SAKSHANDSAMAR: **Kristin Osland Lexow**
SAKA GJELD: **Årleg melding for 2014**

ARKIVSAK: 2014/972/
STYRESAK: **023/15**

STYREMØTE: **03.03. 2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner forslaget til årleg melding for 2014, og oversender meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.
2. Styret tek årleg melding for 2014 frå det regionale brukarutvalet i Helse Vest til orientering.

Oppsummering

Helseføretakslova § 34 og vedtektene for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneheld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Meldinga frå Helse Vest RHF til Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av eit samanhengande plan og meldingssystem. Årleg melding skal gi departementet grunnlag for arbeidet med statsbudsjettet og oppdragsdokumentet for neste år. I årleg melding rapporterar Helse Vest på korleis dei krav og føringar som Helse- og omsorgsdepartementet har formidla gjennom oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøtet er følgd opp. Gjennom årleg melding får departementet eit grunnlag for å vurdere om dei helsepolitiske mål er innfridd.

Fakta

Vedtektene for Helse Vest RHF § 15 (Melding til departementet) har følgjande ordlyd:

”Styret skal innen den 1. mars hvert år sende en melding til departementet som omfatter styrets plandokument for virksomheten og styrets rapport for foregående år. Plandokumentet skal være av strategisk og overordnet karakter og vise hovedtrekkene i virksomhetens fremtidige drift innenfor de rammebetingelser som er gitt av staten som eier og helsemyndighet. Denne delen av plandokumentet vil inngå i vurderingsgrunnlaget for behandlingen av de enkelte års statsbudsjett.

Plandokumentet skal videre, med utgangspunkt i vurderinger av eksisterende drift, gi beskrivelse av forventede endringer i befolkningens behov for helsetjenester og i den helsefaglige utviklingen på fagområdene, vise behovet for utvikling og endring av tjenestene og driften av virksomheten og styrets vurdering av ressursbruken for de nærmeste årene, med forslag til finansiering.

Rapporten om virksomheten fra foregående kalenderår skal vise hvordan pålegg og bestemmelser som er gitt i foretaksmøtet eller satt som vilkår for bevilgninger, er fulgt opp. Rapporten skal også vise virksomhetens utvikling i forhold til det regionale foretakets plandokument.”

I styringsdokumenta frå Helse Vest til helseføretaka blir det stilt krav om at helseføretaka skal sende ei tilsvarande årleg melding til Helse Vest. Meldinga skal følgje den same oppbygginga som meldinga frå Helse Vest til departementet. Dei årlege meldingane frå helseføretaka blir brukt ved utarbeidinga av årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet.

Kommentarar

Årleg melding er bygd opp etter mal frå Helse- og omsorgsdepartementet, og er delt inn to hovuddelar; Styret sin rapport for året som var (kapittel 2 - 4) og styret sitt plandokument (kapittel 5). I tillegg har dokumentet ei innleiing der Helse Vest sitt strategidokument Helse 2020 blir omtala og der det blir gitt eit samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2014.

I tillegg til hovuddokumentet, har Helsedepartementet for 2014 også bedt om å få tilbakemeldingar på dei einskilde styringsparametrane i eit excel-ark. Dette ligg i vedlegg 3.

I styret sin rapport blir det gitt ei relativt detaljert tilbakemelding på oppfølginga av styringskrava i oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest RHF (kapittel 2 og 3), og på styringskrava stilt i føretaksmøtet i Helse Vest RHF 7. januar 2014 (kapittel 4).

Plandokumentet (kapittel 5) er av strategisk og overordna karakter, og viser hovudtrekka i den framtidige drifta til verksemda innanfor dei rammevilkåra som er gitt. I plandokumentet blir det også gjort greie for korleis utviklinga i folkesetnaden, helsetilstanden til folk, den medisinske teknologien og forventingane til helsetenestene vil påverke behovet for å utvikle og endre tenestene og måten verksemda blir driven på.

Utkast til årleg melding for 2014 er sendt til det regionale brukarutvalet. Uttale frå brukarutvalet vil bli lagt på bordet i styremøtet. Årleg melding frå regionalt brukarutval er vedlegg til årleg melding (vedlegg 2)

Vedlegg:

1. Årleg melding 2014 for Helse Vest RHF
2. Vedlegg 1 til Årleg melding - Rapporteringsmatrise til Helse- og omsorgsdepartementet
3. Vedlegg 2 til Årleg melding - Årleg melding 2014 for Regionalt brukarutval i Helse Vest
4. Vedlegg 3 til Årleg melding – RBU sine kommentarar til Årleg melding for Helse Vest RHF (Blir lagt på bordet i styremøtet)